



Vår ref.: 2021/162-1

Dato: 15.01.2021

Retningslinjer for startlån

Retningslinjene er meint til å vera til hjelp for potensielle søkjarar. Retningslinjene skal og sikra likebehandling innan for dei gjeldande kriteria for tildeling av lån. Kvinnherad kommune nyttar husbanken sine hovudliner for prioritering.

Føremål:

Startlån og tilskot skal bidra til at husstandar med langvarige bustadetableringsproblem skal få høve til å etablere seg og bli buande i nøkterne og gode bustader.

Husstandar med etableringsproblem er husstandar som har behov for heil eller delvis finansiering frå kommunen. Finansieringa skal gje husstanden stabile butilhøve.

Startlån og eventuelt etableringstilskot til å kjøpe bustad

Målgruppe:

1. barnefamiliar med langvarig låg inntekt
2. menneske med nedsett funksjonsevne
3. unge uføre med langvarig låg inntekt

I tillegg kjem andre som er økonomisk vanskelegstilt som flyktningar, eldre uføre o.s.b.

Lånesøklar må dokumentere at husstandens framtidige inntekter er tilstrekkelege til å betene renter og avdrag på lån, i tillegg til levekostander fastsatt av Statens institutt for forbruks forskning (SIFO).

Søknaden vil bli avslått dersom kommunen meiner at lånesøklar ikkje vil klare framtidige betalingsforpliktingar.

Unge i etableringsfasen er ikkje i målgruppa for startlån.

Kva kan du søke om?

Startlån kan nyttast til å kjøpe bustad, utbetre eller tilpasse bustad, eller refinansiere dyre lån, dersom dette bidrar til at husstanden kan bli buande i bustaden.

Dersom du ikkje får lån i banken kan du søke om å låne heile kjøpesummen hos Kvinnherad kommune, eller vi kan gje startlån til toppfinansiering av bustad.

Du kan få lån til ein nøktern og eigna bustad med omsyn til pris, storleik og standard. Kvinnherad kommune finansierer ikkje bustad med behov for store utbetringar.

Er du varig vanskelegstilt med svært låg inntekt kan du også bli vurdert for eit rente- og avdragsfritt lån kalla tilskot til etablering, som kan bli gitt saman med startlån. Eit eventuelt tilskot skal attendebetalast dersom bustaden vert seld.

Målet er ein stabil heim med føreseielege bu utgifter. Bustaden skal være ein heilårsbustad, og låntakar skal bu i bustaden. Flytter lånetakar skal lånet innbetalast.

Innvilging av startlån krev at husstanden har ein brutto årsinntekt som er under vegleiande inntektsgrensar. (sjå saksframlegget)

Krav til søker

- Du må være over 18 år
- Du må være langvarig økonomisk vanskelegstilt
- Du må ha fast inntekt, eller være varig trygda
- Du må kunne betala renter og avdrag på lånet
- Heile husstanden sine inntekter og utgifter må med i søknaden. Begge ektefeller, sambuarar eller partnare skal være låntakar og skal søkja saman.
- Du må ha utnytta inntektpotensialet og sparepotensiale ditt.
- Vi stiller ikkje krav om eigenkapital eller kausjon i anna bustad.

Manglande eigenkapital for å kunne få lån i vanleg bank er ikkje i seg sjølv grunnlag for å få Startlån.

Startlån vert tildelt etter ei sterk behovsprøving. Vi legg vekt på om søkeren forventar å ha langvarige problem med å finansiere eiga bustad innanfor ordinære låneordningar i bank, og om du har nytta muligheita til sparing. Ved vurdering av økonomien til søker vil vi ta utgangspunkt i inntekt i full stilling dersom søker jobbar redusert. Dersom ein jobbar redusert vil ein ikkje være langvarig vanskeleg stilt. Kvinnherad kommune nyttar SIFO sine satsar for forbruksutgifter ved vurdering av økonomien til søker. Avvik frå desse må dokumenterast/grunnleggjast.

Du kan ikkje få startlån om du allereie eig eigeidom. Dersom du står i fare for å mista bustaden, eller ein treng naudsynt utbetring av bustaden for å kunne bli buande, kan ein likevel få startlån. Eit krav er då at lånet er innanfor 100% av bustadverdien etter utbetringa. Dersom ein eig fleire eigeidomar vil ein ikkje verta rekna som økonomisk vanskelegstilt, og er ikkje i målgruppa for startlån.

Du kan berre få startlån ein gong.

Du må ha budd i Kvinnherad kommune det siste året for å få startlån frå oss, og bustaden du kjøpar må vera i Kvinnherad kommune.

Den bustadsosiale handlingsplanen vil vera styrande og ha meir utdjupande mål for bruk av startlån.

Søknadsfrist

Du kan søke heile året.

Vanlege årsaker til avslag

- Dersom kommunen har brukt opp den summen som er sett av til startlån, må du venta til neste år for å søkje igjen.
- Dersom du har fått avslag, kan det vera at du ikkje blir rekna som nok økonomisk vanskelegstilt. (Dersom du t.d. eig anna eigedom som kan seljast, er du truleg ikkje vanskelegstilt økonomisk)
- Dersom det er *stor risiko* for at du ikkje vil kunna betala utgiftene på lånet gjennom heile låneperioden.
- Dersom du har for låg eller usikker inntekt til å betala eit lån.

Høve til å klaga

Det er høve til å klaga på vedtak. Klagen skal handsamast av klageutvalet.